

# MISJONSAKADEMIET VED HAMBURG UNIVERSITET

av

AUDUN TANG

## I

Misjonsskulen eller misjonsseminaret er eit velkjend omgrep i tysk misjon. For så å seia alle tyske misjonsselskap vart det i det 19. hundradåret vanleg at dei utdana misjonselevane sine ved seminar. Det vart uråd å fylla rekkjene på misjonsmarki berre med akademisk utdana arbeidskraft. Dessutan var mange universitetslærarar så lite gripne av misjonstanken, at dei knapt kunne vera i stand til å ta seg av misjonsstudentar. Men den seminaristiske utdaningi hadde òg sine veike sider, som etter kvart kom klårare til syne: Seminari hadde vanskar med å fylla dei aukande krav til kvalitet i den teologiske utdaningi. Med det aukande tal på misjonsseminar voks også fären for at synsfeltet skrumpa inn, einkvar ville lett bli seg sjølv nok. Eit anna problem, som seminari vanskeleg kunne løysa, var vidareutdanning av misjonærar heime på ferie. I 1908 dryfte ein misjonslærarkonferanse desse vanskane og ville prøva finna ein utveg. Endå sterkare verka impulsar som kom utanfrå, først og fremst frå verdsmisjonskonferansen i Edinburgh i 1910. For konferansen i Edinburgh var det ei klår sak at misjonærutdaningi på fleire område burde betrast. Ein var og samd om at dette var ei oppgåve selskapi måtte gå saman om. «Central Missionary Colleges» burde byggjast for «post-graduate studies».

## II

1. I Hamburg vart det i det små freista å setja nokre av desse tankane ut i livet alt før den første verdskriga. Basis for desse

freistnadene var *Kolonialinstituttet*, som kom i gang i 1908. Denne statlege institusjonen hadde frå starten av også hatt misjonskunnskap på læreplanen! Gjestedosentar tok seg i fleire år av dette faget, men i 1913 vart lic. Martin Schlunk kalla til fast dosent i misjonskunnskap. Kolonialinstituttet hadde òg eit seminar for kolonispråk. I 1911 fekk Hamburg også ein misjonsheim, «Grüne Tanne», for misjonskandidatar som kom for å studera ved Kolonialinstituttet. Diverre gjorde den fyrste verdskrigen ende på denne fyrste spiren av eit sentrum for misjonsakademiske studier.

2. I 1919 vart Kolonialinstituttet omlaga til *Hamburg Universitet*. Det nye universitetet hadde like til 1952 ikkje noko teologisk fakultet, men lærepliki i misjonskunnskap vart fornnya. Difor tok ein seg den fridomen «die Philosophische Fakultät mit einem Theologen zu belasten» (Walter Freytag). Då Martin Schlunk i 1928 flytte til Tübingen, gjorde han framlegg om den unge Walter Freytag som sin ettermann i Hamburg. Året etter tok Freytag over som «Missionsdirektor der Hanseatischen Landeskirchen», som embetet no heitte. Her er ikkje plassen til å vurdera livsverket å denne store og lysande misjonsvitenskapsmannen. Langt utanom Hamburg og Tyskland sette han spor som framleis står og viser veg og leid i misjonstenkjingi. Men kanskje kjennest tomrommet etter han aller sterkest i misjonsmiljøet i Hamburg, og dei som fører ordet der i dag vedgår gjerne at arven etter han ikkje er lett å bera. Han vann ein sjeldan inngang mellom kollegar og studentar, gjorde eit banebrytande arbeid for misjonsvitenskapen ved universitetet og styrkte Hamburgs posisjon som misjonsakademisk sentrum. Han var òg mannen som førde planane om eit misjonsakademi fram til fullføring.

3. I 1952 fekk Hamburg *teologisk fakultet ved universitetet*. Dette gav misjonsakademiplanane den siste skubben fram mot målet. Stat og kyrkje var no opne for spursmålet, og såleis vart den finansielle sida av saki lettare å ordna. Men også reint sak-

leg hadde tanken om eit felles misjonsakademisk sentrum no fått slik tyngd at tidi var komen til å ta det siste steg mot målet. I åri 1952–54 vart det halde tre korte, misjonsakademiske kurs der Freytag var drivkraft og leiar. På førelesarlista finn ein elles namn som professor Gerh. Rosenkranz, professor Gustav Stählin, professor/biskop H. Meyer, pastor Jan Hermelink og andre. Desse kursi verka sterkt overtydande på slike som enno måtte kjenna seg tvilande andsynes misjonsakademiplanane.

4. Så kunne Freytag gje *planar og målsetjing endeleg form*: Målet skulle ikkje vera å stå istadenfor misjonsseminari. Rett nok hadde Freytag vona på at ein etter krigen skulle kunna koma til ei større samling i misjonærutdaningi i Tyskland, i alle fall innan dei grupper som stod på same vedkjenningsgrunn. Men mest alle misjonsseminar vart opna på nytt. Freytag forstod at «strukturen i tysk misjon» forboud å tenkja seg akademiet som ein «konkurrent» til seminari. Misjonsakademiet skulle gje seminaristane høve til ei tilleggsutdaning som førebuing for misjonsmarki. Dessutan skulle ein ta opp spørsmålet om vidaregåande utdaning av representantar for dei unge kyrkjene.

Misjonsakademiet skulle arbeida saman med Hamburg Universitet og nytta dei mange høve til studium som der baud seg både ved det teologiske og andre fakultet. Sjølv skulle akademiet tena universitetet ved å stå som ein bindelekk mellom misjon og teologi.

Tysk Evangelisk Misjonsråd og Tysk Evangelisk Misjonsdag gjekk i 1953 inn for denne planen og sette med det ein merkestein i tysk misjonssoge.

Offisielt tok så arbeidet ved *Missionsakademie an der Universität Hamburg* til med sumarsemesteret 1955. Eit stort framsteg for arbeidet var det at akademiet i 1957 ved godvilje frå Hamburg by fekk overta eit tidlegare gjestehus i Hamburg-Nienstedten med plass til 30 studentar. Dette huset er no for lite. Til vintersemesteret 1964–65 vil eit nybygg vera ferdig, slik at ein då kan ta imot 45 studentar. Ein reknar med at det er ein høveleg flokk.

### III

Stort sett går arbeidet ved akademiet framleies etter dei retningslinjer som Freytag i si tid drog opp. Dei fleste av studenterne vert innskrivne som gjestetilhøyrarar ved Hamburg Universitet. Hovudtyngdi av arbeidet ligg ved seminaret for misjonsvitenskap og økumenikk ved det teologiske fakultet. I alle fall var det slik så lenge Freytag var ordinarius her. Han døydde 24. oktober 1959.

Men elles byr sjølvsagt også andre fakultet god hjelp for misjonsakademiet sine gjester. Ikkje minst vert ein imponert over kor gode vilkår Hamburg gjev dei som studerer asiatiske eller afrikanske språk. For studentar i tropemedisin står Bernhard-Nocht-Instituttet til teneste.

På grunn av dette samarbeidet med universitetet, kan lærarkreftene ved akademiet reduserast til eit minimum. Hovudansvaret ligg på ein studieiar, som har si viktigaste oppgåve i å hjelpe studentane til å leggja opp eit høveleg studieprogram. Serleg er dette viktig for studentar som ikkje før har orientert seg i den sterke «trafikken» ved eit stort, tysk universitet.

Utanom arbeidet ved universitetet gjev så akademiet sine serlege førelesingar og øvingar. Til dei fleste av desse nyttar ein gjesteførelesasar.

Normalt kan studentflokkene delast inn i fire grupper: 1) Teologiske studentar eller kandidatar som førebur seg til kyrkjeleg arbeid i heimlandet. 2) Misjonskandidatar. 3) Misjonærar heime på ferie. 4) Studentar frå dei unge kyrkjene. Den siste gruppa har auka i tal med åri. Dette set sine serlege krav til akademiet. Dei asiatiske og afrikanske studentane har sine spesielle vanskar, når dei skal leva seg inn i arbeidsmåten og miljøet ved ein akademisk læreinstitusjon. Her vil akademiet med sine pro-seminar og sitt «tutorial system» vera til hjelp. Det vert lagt vekt på at sjølve samlivet ved akademiet er ein del av studiearbeidet. Ein ventar at ung og gamal, heimearbeidar og utearbeidar, aust og vest går inn i eit levande arbeidsfellesskap.

## IV

Til sist nokre få ord om Hamburg som studiesentrum. Hamburg har ikkje gamle tradisjonar som universitetsby. Mange andre byar i Tyskland vil gå framom hansabyen i så måte. Men Hamburg har andre føremuner, og det slike som er serleg verdfulle for eit misjonsvitskapeleg studium. Hamburg er eit av dei fremste knutepunkt i verdshandel og interkontinental trafikk, ein levande og veksande by som orienterer seg utetter. Dette merkast òg på universitetsmiljøet. Misjonsstudenten har i Hamburg høve til å koma i kontakt med nokre av dei kyrkelege organ som står for kontakten utetter over landegrensene. Serleg må nemnast at Tysk Evangelisk Misjonsråd har sitt hovudsete her. Difor vil dei fleste av dei impulsar som går ut frå det mangslungne tyske misjonsarbeid på ein eller annan måte kunna registrerast i hansabyen ved Elben.